


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
NOVEMBER 2020**

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00

Opningstider:

Månd.-fredag kl 08.00-15.00

www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Opningstider:

Måndag – onsdag kl. 15.00 -19.00

Torsdag – fredag kl. 12.00 – 15.30

Lørdag Stengt

DIM-RENOVASJON:

Returpunt glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengt. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

FORSIDEFOTO:

Opning av klatrestativet «Bøygen» ved Svelavatnet. Ordførar saman med 3. klasse på Vikeså skule.

Foto: Annette O. Nedrebø.

NESTE NUMMER:

kjem ut seinast 27. november. Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før onsdag 18.11 kl. 24.00. Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

TRYKKING:

Jærprint

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVING:

Elisabeth Vikeså

ORDFØRAREN SITT HJØRNE



HEI, GODE SAMBYGDER!

Først litt om statsbudsjettet. Bjerkreim ligg an til 1,9 % vekst mens snittet i Norge er på 3 %. Med ein kostnadsvekst på 2,4% ligg vi an til eit «tap» på 0,5% i 2021. Det er på toppen av allereie varsla innsparingar i Økonomiplanen 2020-2024. Det er

ikkje til å stikka under en stol at det er trist at små, veldrevne kommunar ikkje skal kunne få utvikle tenestene sine i takt med andre større kommunar.

Når inntektene blir mindre enn tenkt, er det ofte investeringbudsjettet som må slankast. Det er etter mi meining eit særskild dårlig tidspunkt å strupa kommuneøkonomien nå. I ein arbeidsmarknad som treng arbeid for å halde arbeidstakarar i aktivitet, så er nettopp aktivitet i kommunen, som ein stor innkjøpar, avgjerande.

Eg er likevel optimist på at vi skal få budsjettet i land også i år, eg reknar med god diskusjon og samarbeid på tvers av partigruppene når den tid kjem. Eg vil ønska administrasjon lykke til med dei siste justeringane i budsjettet for 2021. Det var ei gleden å samling landbrukskontoret hadde med «nye bønder» i bygda. Veldig inspirerende å sjå alle dei nye «unge» bøndene som har tatt over gardsbruk i bygda. Vi er heldige med kompetansen og energien landbrukskontoret vårt gjenspeiler til dei nye i «verdas viktigaste yrke»; matprodusentane!

Nå er «Bøygen» på plass i parken på Vikeså. Eg håper den ikkje bare blir eit klatrestativ, men òg starten på ein møteplass for Bjerkreimsbuen. Det vil i tida som kjem utviklast meir i parken, dette er ein god start i eit fint område i sentrum. Takk til alle som bidrog med å få dette på plass. Spesielt Sparebankstiftelsen.

Det blir mørkare morgon og kveld, pass på at ungane bruker refleks på veg til og frå skule og andre aktivitetar. Det gjeld barn, men òg vaksne, som er ute på vekas «kveldsmarsj». Vi har ingen å miste!

Til slutt vi eg seia takk for det første året i ordførarstolen. Utfordrande, inspirerende og veldig lærerikt første år. Eg har målsettingar for meg sjølv, kommunen og til dykk som innbyggjarar. Eg har forventningar til at vi skal levere gode tenester, at de skal yte dykkar yttarste som innbyggjarar, naboar, foreldre og bekjente. Saman skaper vi eit trykt og godt Bjerkreim, der vi har plass til alle, uansett form og fasong. Ved godt samarbeid skaper vi gode minner og trygge rammer for barn i skule og barnehage, ungdom på veg ut i livet, vaksne som treng ein «restart», og til slutt ein verdig, varm og inkluderande alderdom. Takk for alle besøk, bekjentskap, kaffikoppar og historier. Så snart Covid19 trekk seg litt tilbake, kan vi ta tilbake våre møteplassar. Det gler eg meg til!

Vennleg helsing, Kjetil

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



POLITISKE MØTE NOVEMBER – PÅ KOMMUNEHUSET

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkreim.kommune.no

Fellesråd:	Torsdag 19. kl. 13.00
Ungdomsråd:	Torsdag 19. kl. 18.00
Gruppemøter:	Måndag 9. og 23. kl. 19.00
Formannskap:	Tysdag 10. kl. 13.00 og 24. kl. 16.00
LMT-utval:	Onsdag 25. kl. 19.00
Levekårsutvalet:	Onsdag 25. kl. 13.00
Kommunestyret:	Tysdag 3. (budsjettpres.) og 17. kl. 19.00
Kontrollutval:	Måndag 23. kl 14.00



JULEGRANTENNING

Sted: utenfor kulturbanken

Tid: fredag 27.11 kl 18.00!

Vi teller ned til lysa i juletre og julegate tennes. Gang rundt juletre, forsangere og musikk fra Bjerkreim kulturskole og Bjerkreim Barnekor. Salg av mat v/ BIL Håndballgruppe, ute på bålpanner eller inne i Kulturbanken alt etter været. (Salg av mat blir fra kl 17.30, pause i matsalg fra kl 18.00 – 18.20 mens vi går rundt juletre) Kle deg gjerne ut som nisse!

Arr: Bjerkreim kommune

«INSPIRASJONSKVELD OM FOLKEHELSE»

I Kulturbanken torsdag 12. november kl. 20.00.

For lag og foreninger i Bjerkreim Innlegg ved Sven G P Gustavson: Resultater fra UNG DATA. Hva er spesielt med Bjerkreim kommune?

Innlegg ved kommunelege Knut Vassbø: Hvordan står det til med folkehelsen i Bjerkreim?

Informasjon om folkehelsearbeidet i kommunen.

Innspill fra lag og foreninger.

Enkel servering. Påmelding fra hver forening innen 1. november til annette.nedrebo@bjerkreim.kommune.no.

Arr. av Folkehelsegruppa i Bjerkreim kommune



KULTURDAGEN

Sted: Bjerkreimshallen

Tid: Søndag 29.11 Kl. 14.00- 16.30

Dørene åpnes kl. 13.30.

- Hege Bjerk m/ band.
- Dans, skuespill og musikk fra Bjerkreim kulturskole.
- Salg av mat v/ «Polengruppa»
- 9. trinn Vikeså skule.
- Nisser med godteposer.
- Salg av julekranser.
- Pepperkakeutstilling fra barnehagene.
- Utdeling av innsatspriser og Byggeskikkpris 2020.

På grunn av smittevern er arrangementet i år lagt til Bjerkreimshallen. Det kan bli restriksjoner på hvor mange som slipper inn. Smittevernregler vil bli overholdt mht avstand, matsalg mm.

SE VIDEO FRA 1980 – OG 90 – TALLET!

Ny, digitalisert video er lagt ut på kommunens hjemmeside. Du finner videoen under kultur – digitaliserte videoer: «Riving av gamleheim (1981)»

OFFENTLEG SYMJING

Velkommen til symjehallen på Vikeså skule kvar laurdag frå 17.10 tom 19.12. Oppstart etter nyttår 2. januar 2021. Maks 15 personar får plass i kvar badegruppe. Gratis adgang. Hugs badehette. Bleiebarn må bruke badebleie.

OBS! NYTT TELEFONNUMMER: 404 44 955 FOR Å RESERVERE Plass !

Nye opningstider grunna covid 19 og reingjering av garderobar mellom kvar badegruppe:

Kl 09.30 – 10.15

Vaksne over 18 år
(Garderobe frå 09.20)

Kl 10.45 – 11.30

Vaksne over 18 år
(Garderobe frå 10.35)

Kl 12.00 – 12.45:

Familiebading
(Garderobe frå 11.50)

Kl 13.15 – 14.00:

Familiebading
(Garderobe frå 13.05)

Kl 14.30 – 15.15:

Familiebading
(Garderobe frå 14.20)

Lister vert lagt ut i gangen frå kl 09.30 for å reservere plass på dei ulike gruppene. I år gjeld dette også besøkjande over 18 år. Du kan gjerne møte opp utan å ha reservert plass på førehand, men alle må registrere seg før dei går i garderoben. Bur du langt frå bassenget og har vanskar med å kome innom på førehand, så kan du ringe badevaktane og reservere tid. Merk at grensa på 15 besøkjande i kvar gruppe er sett av kommunelegen, og er absolutt! Alle besøkjande har sjølv ansvar for å overhalda smittevernreglar, og halda 1 meters avstand til andre badegjester. Det vert sett fram handsprit i gangen, og smittevernreglar vert hengt opp ved inngang til garderobane. Ingen med symptom på luftvegsinfeksjon må møte opp.

Grunna utvida reinhald, må gardero-bar tømast og reingjerast mellom kvar badegruppe. Oppmodar difor besøkjande til å vere så raske som mogleg i garderoben, bruk helst ikkje meir enn 10 minutt.

Ha eit godt bad!

Nasjonalforeningen for folkehelsen



BINGO

kvar 2. onsdag i månaden på
Vikeså misjonshus kl. 14.00

DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.
Kontakt Ingbjörg Vassbø,
tlf. 51 45 22 37/ 486 03 535.

HØYREAPPARAT

Treng du råd og vegleiing i bruk av
høyreapparat? Vi er å treffa på Coop
Ekstra siste torsdag kvar måned frå
kl. 10.00 til 11.00.

Marit K Bråten (92628426) og
Toril O Songe (93262477)
Likepersonar HLF.

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør.
Godt kledd.
Godt miljø.
4. november går turen til
Kålatjødna, Bjerkreim.
Avreise frå Esso kl 10, eller møt opp
ved låven til Jostein Røysland.
Ta med niste og sitjeunderlag.
Vel møtt.

*Arr. Fellesrådet for
eldre og funksjonshemma*

PENSJONISTLAGET - GILDT SAMVÆRE

Torsdag 19. november kl. 14.00
(merk datoen!) på Samfunnshuset,
store salen.
Musikk: Arnulf, Niclas og Astrid
Underholdning og utlodning.
Det vert og påmelding til julemøtet
som vert 5. desember kl. 13.00.
Dette året på Vikeså Misjonshus.
Vi over 60 er velkomne.
Takk til SR-bank for sponning av
husleiga.

ÅRSMØTE SKYTTLARLAGET

Tid: Torsdag 5 november 20.00
Sted: Skytebanen, Samfunnshuset

BLÅ TIME - KONSERT

Søndag 22. november kl. 19.00 i
Bjerkreim kyrkje. Velkommen til eit
musikalsk avbrekk frå kvardagen!
Aktører: Gunnar Hågbo, Borghild
Hv. Gjedrem, Hildegunn Gjedrem,
Rune Bjerkreim, Morten Askildsen,
Trond Martin Tanke.
Gjestearartist: Tirla Blandakor

NYTT SHOW! BJERKREIM BRASSBAND

Det blir nytt show! Planane våre for
våren 2020 vart sette på vent. Nå
gjer vi alt vi kan for å realisera
«Let us entertain you» i 2021.

Vi har reservert Bjerkreimshallen og
tek sikte på show 12., 13. og 14. mars
2021. Merk datoane alt nå!

Vi lover flott show, god underhold-
ning med godt smittevern, og håper
du og mange fleir har lyst å koma!

Styret i Bjerkreim Brassband

BYGDEKVINNELAGET:

Bygdekvinne deler matglede i Bjerkreim!

Tradisjonsmatkurs 16. november.
Kjøttsuppe med klimper, fårikål,
smuldrepai med eple og blodpan-
nekaker. Bjerkreim skule kl. 18.30.
Påmelding innen 9. nov. til Liv
Karin 91729184

Juleverksted med Bygdekvinnelaget.

26. november i Nedrebøvegen 7.
Laging av krans. Max. 12 pers.
Pris kr. 300,- pr. pers.
Vi er på låven, så kle dere godt.
Påmelding innen 16. nov. til Liv
Karin 91729184

Ta julebaksten med Bygdekvinnelaget.

9. desember kl. 18.00 – 21.00 på
Bjerkreim skulekjøkken. De sju slaga.
Vi baker de tradisjonelle julekakene.
Materialkostnader.
Påmelding til Liv Karin, tlf.
91729184, innen 30. november.



ÆTTESOGELAGET

Tid: Torsdag 5. november kl 19.00
Stad: Kommunehuset
Jøren T. Hompland (1858-1943) var
kjend som både tjuv og kunstnar.
Mari Anne Næsheim Hall fortel om
mannen frå Sirdal som hadde trong
for å stela, og Sigbjørn Sandmark
viser fram ei riksløve til å tappe øl av
som Jøren har skore ut. Etter pausen
fortel Magne Nilsen om «Haust-
marken i Stavanger» som og var
ein viktig samlingsstad for bønder i
Bjerkreim før i tida.

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Vi samles til uformelle treff på lær-
errommet på Vikeså småskule,
kl. 18.30 til kl. 20.30.
Det serveres kaffi og te, og litt å
spise. De som har lyst kan gjerne ta
med en pakke kjeks, litt frukt,
eller noe annet, av og til. Du som er
ny i kommunen er spesielt
velkommen! **Datoer: onsdag
11. november og 9. desember.**

I DAG ER DET GLEDE

- EN JULEKONSERT MED VALBORG, KORISTER FRA BSK OG BAND

LØRDAG 5. DESEMBER

BJERKREIM KYRKJE

KL. 20.00

CC: 24OKR

NB: MED HENSYN TIL SMITTEVERN, MÅ BILLETTER

FORHÅNDSBESTILLES PÅ:

[HTTPS://VALBORG.HOOPLA.NO/SALES/VALBORG](https://valborg.hoopla.no/sales/valborg)



MISJONSMØTER – LYS OVER LAND

Bjerkreim bedehus fredag 30.10 og lørdag 31.10 kl.19.30 med Herdis Heimdal – Song og musikk: Mari Skje-frås og Eli Mari Hadland på fredag – Leif Rune Drivdal på lørdag.

VIKESÅ MISJONSHUS NOVEMBER

- 04. kl. 20.00 Bønnesamvær
- 07. kl. 09.30 2-årssamling
- 08. kl. 10.30 Søndagssamling
kl. 10.50 Søndagsskule
- 09. kl. 19.00 Yngres og Korvetten
- 11. kl. 14.00 Bingo Helselaget
- 14. kl. 10.00 Stille dag.....
- 20.,21. og 23. Krik helg
- 23. kl. 19.00 Yngres og Korvetten
- 29. kl. 10.30 Søndagssamling
kl. 10.50 Søndagsskule

BJERKREIM BEDEHUS NOVEMBER

- 01. kl. 11.00 Generasjonsmøte NLM
(ikkje søndagsskule)
- 02. kl. 18.30 Gutte- og jentelag
- 06. kl. 19.30 Møte NLM
kl. 20.00 Fredagstreff
- 07. kl. 19.00 Lørdagskveld NLM
- 08. kl. 11.00 Endelig søndag NLM
kl. 11.15 Søndagsskule
- 09. kl. 19.30 Møte NLM
kl. 19.30 Yngres
- 10. kl. 19.30 Møte NLM
- 13. kl. 19.00 Basar NMS
- 16. kl. 18.30 Gutte- og jentelag
- 17. kl. 19.30 Logos
- 22. kl. 11.00 Endelig søndag NLM
(ikkje søndagsskule)
- 23. kl. 19.30 Yngres
- 28. kl. 19.30 Møte flymisjonen
- 29. kl. 19.30 Møte flymisjonen
- 30. kl. 18.30 Gutte- og jentelag

BASARKVELD NMS

Fredag 13. november
kl. 19.00 på Bjerkreim bedehus
Talar: Kristian Mjøltneset frå NMS
Kvelden blir gjeста med sang og musikk. Gevinster mottas med takk.
Kontakt Oddhild Gåsland: 92487565

Eventyrskogen 2020

–klang i skog–

Foreknuten Vikeså 6.nov

(Start ved kunstgrasbanen)

Bli med på ein tur gjennom skogen med mange lyder frå musikk-, drama- og danse- elevar. Du møter kjente eventyr og sanger. Kanskje du også treffer på edderkoppar laga av kunstgruppa.

Billetter må kjøpes på:

[Https://Bjerkreimkulturskule.hoopla.no/sales](https://Bjerkreimkulturskule.hoopla.no/sales)

(her velger du også tidspunkt)

Pris kr 60. Da får du også varm drikke og noko å bita i.

**Arr: Bjerkreim kulturskule og
Bjerkreim bygdekvinnelag**

VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER

Sundag 1. november kl. 19.30.

Minnegudsteneste i Bjerkreim kyrkje

Sundag 15. november kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Takoffer: trusopplæringa.

Tårnagentane deltek

Sundag 22. november

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 29. november kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Takoffer: trusopplæringa.

Lys Vaken deltek

DØYPT:

11.10.20 Nicolai Olsen

DØDE:

16.09.20 Wenche Vikeså

07.10.20 Gunnar Tengesdal

16.10.20 Marit Osland

MINNEGUDSTENESTE I KYRKJA ALLEHELGENSSUNDAG 1. NOVEMBER KL. 19.30.

Song av SångZ. Diktlesing av Kari Hvidsten Gjedrem. Lystenning. Kyrkja sin kontaktperson for familien får tilsend invitasjon for alle som er busette i soknet og som har mista nokon i nær familie siste året. ALLE er velkomne!

VEDTEKTENE FOR GRAVPLASSANE I BJERKREIM

er under revisjon. Velkommen til å ta kontakt dersom du vil sjå forslaget eller har innspel. Etter at vedtektene er godkjent, vil det bli informert om i Bjerkreimsnytt og på nettsida.

NAMNEENDRING

Ivesdal kapell blir Ivesdal kyrkje frå 01.01.2021.

SALMEKVELD

i Ivesdal kapell, onsdag 4. november kl. 19.30. Vi prøver med ein ny vri. Det blir 2 avdelingar med kjende singlar og salmar. Så presenterer klokkarane 4 nye Trygve Bjerkheim singlar. Klokkarane har i tillegg kvar sin solo salme/song. VEL MØTT!

Veit du kor mange venner du har?

Ikkje bare blant dei du kjenner godt, men også bland dei du går på jobb med eller på skule med, og dei som du veit om og dei som veit om deg, fordi du er ein del av same grend, kommune, interessegruppe.

Ein dikter skriv eit sted: «Vi har færre venner enn vi forestiller oss, men fleire enn dei vi veit om». (Hugo von Hofmannsthal)

I det ligg det ei forståing om at eins eigentlege venner, ikkje alltid er dei ein trur dei er.

Ein god beskrivelse finn me i vennskapet mellom David og Jonathan i 1 Sam 20. Og akkurat no har eg versa 35 – 43 framføre meg. På eit vis var dette eit usannsynleg vennepar. Jonathan, son av Saul. David, den kjekke jypplingen som trua makta til Saul. Og likevel var desse to venner.

Eg ser for meg at Jonathan ikkje fekk sove så mykje denne natta. Kva skulle han gjere? Viss han advarte og redda David, risikerte han å bli tatt for forræderi. På den andre sida kunne han ikkje la David bli drepen av faren sin.

På førehand hadde Jonathan avtalt eit teikn med David. Og då morgonen kom, gjennomførte han dette teiknet. Og David blei advart.

Jonathan hadde stått opp for David. Og mot faren Saul. Men han kunne fortsatt ikkje forlate David utan eit personleg forvel. Så når han er aleine, kjem David krypande ut frå gjemmestedet og bøyer seg ned for Jonathan. Han viser respekt. Og takknemlighet. Og de gråter av sorg, fordi de veit dei må gå kvar sin veg.

Når ein møter motstand og motgang i livet, kan det være vanskeleg å møte det aleine. Det er godt å kunne dele det som er vanskeleg med ein annen. Ein venn. Og ein ekte venn, glatter ikkje over. Ein ekte venn seier korleis det eigentleg er. Sjølv når det gjør vondt. Ein ekte venn forteller at du har fått «melkebart». Ein ekte venn seier i frå til deg at den bemerkningen du gjorde, ikkje var god, at den såret nokon. Ein ekte venn seier i frå og prøver å få deg til å forstå om du har ein avhengighet. Eller ein synd. Ein ekte venn vil dele både sorg og glede saman med deg. Ein ekte venn vil både le og gråte saman med deg. Be saman med deg. Og følgje saman med deg. Gjennom alt. Også om det gjer vondt. Og den største vennen me har er sjølvsagt Vår Herre Jesus Kristus.

Soknepresten

TÅRNAGENTHELG

Alle på 3. trinn er velkomne til å vera med på tårnagenthelg i kyrkja den 13. og 15. november! Fredag frå kl. 17.00 til kl. 20.00 og sundag frå kl. 10.00 til etter gudstenesta. På samlingane kan de utforske kyrkja, bibelen, tårnet og klokkene. Vera med å løysa oppdrag, læra tårnagentsongen og laga innslag til gudstenesta.

Påmelding: tinyurl.com/t-agent20

4-ÅRS SAMLING

Det vert samling for 4-åringane (barn f.2016) i Bjerkreim kyrkje 21. november kl. 10:00-ca 11.30. Me skal få lære litt om kyrkja, høyra bibelhistorie, laga noko fint - og eta masse frukt og kjeks. Påmelding: post@bjerkreim-kyrkja.no

LYS VAKEN

Fredag 27. og sundag 29. november er det duka for Lys Vaken i kyrkja. Då får alle på 4. trinn høve til å feira «nyttår» i kyrkja, vera lys vakne for kvarandre og for Gud! Info kjem i posten til våre medlemmar, men alle 4.klassingar i soknet er hjarteleg velkommen. Påmelding: tinyurl.com/lysvaaken20

UTDELING AV 2-ÅRSBØKER!

Me vil ha ei samling for 2-åringane (barn f. 2018) der me vil dele ut bøker og leikelam, høyra bibelhistorie, synge og eta vaflar og frukt.

Det skjer laurdag 7. november kl. 10 – 11.30. på Vikeså Misjonshus. Påmelding: post@bjerkreimkyrkja.no

**PS: TRAFIKALT GRUNNKURS
STARTER ONSDAG 4. NOV.**



OPPSAMLING OG INNLEVERING AV LANDBRUKSPLAST:

Ensilering av rundballar ved hjelp av plast er svært mykje brukt i landbruket. For at denne bruken skal vera bærekraftig på lengre sikt, er det svært viktig at vi alle handterar plasten på ein ryddig måte.

Alt plastavfall skal takast vare på og leverast til resirkulering på godkjent mottak. I Bjerkreim er det plastinnsamling i regi av DIM på Vikesdal avfallsstasjon. På DIM si nettside <http://dim.no/2016/06/03/levering-landbruksplast/> kan du finna informasjon om innlevering og sortering av rundballeplast og storsekkar av plast. Det er m.a. viktig at plasten er mest mogleg rein.

Det fins ingen god unnskyldning i dag for å la plasten liggja og slengja. Heller ikkje skal større mengder plast samlast inne i bygningar, på utandørs oppsamlingsplassar, ubrukte siloar eller liknande.

Nedgraving og/eller brenning av plasten er forbudt. Med det sterke miljøfokus samfunnet har i dag, vil heile landbruksnæringa koma i vanry om vi ikkje tek plasthandteringa tilstrekkeleg på alvor.

Vi veit at dei fleste har gode rutinar for plasthandteringa, men dei som ikkje har det set heile landbruksnæringa i vanry, og gir negativ reklame for Bjerkreim som naturturkommune. Manglande avfallshandtering er å rekna som lovbrøt og kommunen har heimel i forureiningslova til å gje pålegg om fjerning og opprydding. Dersom pålegg ikkje vert fulgt opp, kan kommunen ileggja tvangsmulkt. Slike drastiske tiltak vil vi helst unngå. Derfor finn vi grunn til igjen å koma med denne påminninga!

INNOVASJON NORGE

Søknad om støtte for 2021
IN i Rogaland får dessverre årleg alt for lite tilskotsmidlar i forhold til alle som sender inn søknader til gode prosjekt. I år vart potten alt brukt opp i løpet av det første halvåret.

Etter kontakt med INR trur dei at det same kan skje i 2021. Vi har fått beskjed om at det er mulig å senda inn søknader for 2021 i byrjinga av desember. Vil med dette oppmoda alle som ynskjer å søkja om tilskot for neste år, å henta inn dei aktuelle dokumenta og fullføra søknaden. Andre som vil søkja om midlar i 2022, bør bruka tida godt framover til bl.a. å fullføra teikningar, henta inn pristilbod, få utarbeidd driftsplan og drøfta saka med banken.

PLANTEVERNKURS

NLR/Forsøksringen arrangerer dette på Landbrukssenteret på Helleland:

1. **Fornyng** av autorisasjonsbevis: Kveldskurs torsdag 11. og onsdag 17. februar kl. 18.30.
2. **1. gongskurs:** onsdag 10., 15. og 17. febr. kl. 18.30 og laurdag 20. febr. kl. 9.00 – 14.15.

Påmelding og meir informasjon hjå NLR Rogaland på 970 14 117, birgitt.harstad@nlr.no eller <https://rogaland.nlr.no>

INFORMASJON



Avd. Sør-vest

Befaring og tilbud: **Senteret AS** tlf. 51 49 20 20

PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk
Lokaler med særpreg:
Årsmålsdager, events, konserter.
Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn
Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarberg.no. Tlf 481 81 804



Gitar og Handverk DA

Velkommen til Juleverksted på Svela

23. november – Lag med kongler

19. november – Lag deg ein døkrans e.l.

14. og 15. desember – Dekorasjonskvelder

For mer informasjon og påmelding: instagram @gitaroghandverk eller 95237450. Julebutikken åpner 25.11. Følg med på INSTAGRAM for aktiviteter og moro på Svela

mandag – fredag kl 10.00 – 20.00, lørdag kl 09.00 – 17.00

Ellers; er det lys er det åpent!

VELKOMMEN TIL JULEHANDEL

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450

www.gitaroghandverk.no

e-post: gitar-handverk@hesbynett.no



ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.

Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså

Tlf 924 69 775/ 4000 3150

solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!



EXTRA

Extra stort utvalg til extra lave priser

COOP EXTRA VIKESÅ
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222

Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså

Spesialistkompetanse på
tannsykdommer hund og katt

Timebestilling 95141920



Fått kattunge?

Kastrering og sterilisering
med god pris på ID-merking samtidig.

Bestill time hos Dyrlege Marit Brevik
Ring 95141920

Vikeså veterinærkontor

Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



**VIKESÅ
VEISERVICE AS**

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

VELKOMMEN INNOM!